



SANDØY KOMMUNE

Brannvesenet



SANDØY KOMMUNE OPPRETTAR LOKALT AKUTTEAM

Sandøy kommune har i samarbeid med Norsk Luftambulans oppretta eit lokalt akutteam på Harøya. Dette gjennom Norsk Luftambulans sitt prosjekt «Mens du venter på ambulansen». Det lokale akutteamet består av 14 brannmannskap og 6 sjukepleiarar frå Helse- og omsorgseininga i kommunen.

Norsk luftambulans har i samarbeid med AMK-sentralen og ambulansetaket plukka ut Sandøy kommune til å vere med på prosjektet på bakgrunn av sårbarheit.

Ordninga skal vere eit tillegg til den etablerte akuttmedisinske beredskapen som ambulans- og legeteneste.

Kriteria for varsling er 20 minutt eller meir før ambulans eller ambulansbåten kan vere framme ved akuttur/raud respons. og alltid på hjartestans.

Det lokale akutteamet gjennomførte den 29. og 30. mars eit 16-timars førstehjelpskurs på rådhuset, Steinhamn, og teamet vart sett i 24-timars beredskap den 11.04.2014.

Førstehjelparane har tilgang på hjartestartar og oksygen, og dei har førstehjelpsopplæring for å ivareta pasientar mens ein ventar på ambulans.

Kontaktperson: Kim-André Breivik, brannsjef i Sandøy

Tlf. 977 66 771

kim.andre.breivik@sandoy.kommune.no